

Referat FAU-møte 25. januar 2022

Tilstades: Hallgeir Sandal (1A), Øystein Høvig (1B), Tor- Helge Lien Rasmussen (1C), Inga Bjørneset (2A), Benedikte Dæmring (2B), Malin Hatlenes (4A), Marina Hjelmeland (5A), Jøran Rise (5B), Tore Hjelle (6A), Eli Karin Bergheim (6B), Vibecke E Løkling (7A), Lillian Kråkenes (7B), Peder Felde (ass rektor), Anne- Grete Eikås (rektor).

1 Gjennomgang av referat frå møte 09.11.2021

Leiar i FAU, Jøran Rise, gjekk raskt igjennom referatet frå førre møte.

2 Aktuelt

Budsjett

- Kommunen sitt budsjett krev innsparingar på 10 millionar kroner i oppvekst. Nordfjordeid skule har fått i oppgåve å spare kr 470 000 på vakans. I praksis er det betre for skulen, enn at dei for eksempel må kutte i stillingar. Skulen opplever i periodar (særleg i covid- perioden) at det er vanskeleg å få tak i vikarar, og at dei då må forskyve ressursane internt for å få det til å gå rundt. Innsparingar er uansett krevjande.
- FAU tek opp at Stad kommune har fått spørsmål om å ta i mot 36 flyktningar i nær framtid. Det vil truleg kome mange nye barn til Nordfjordeid skule. FAU påpeika viktigheita av at det kjem ØYREMERKTE ressursar til bruk for behovet i skulen. Ein må sikre at det kjem ressursar til flyktningane for at skulen skal ha mulighet til å ta imot desse barna på ein god måte, fagleg og sosialt i skulekvardagen. Om ikkje ressursane er øyremerkte, fryktar ein at ressursar som er tildelte flyktningane, går inn i sluket av dårleg kommuneøkonomi. FAU peikar på viktigheita av å snarleg spele dette inn politisk.

Gjeldande Covid- tiltak:

- Skulen drifter på GRØNT nivå. Skulen følgjer nasjonale reglar samt samarbeider tett med smittevern overlegen i kommunen. I praksis tyder dette at:
 - sjuke elevar og lærarar skal vere heime

- fokus på god hygiene, god ventilasjon og normalt reinhald.
 - kontaktreducerande tiltak: unngå klemming, handhelsing og fysisk kontakt når det er mulig, her må ein vise skjønn, særleg hos dei yngste elevane.
 - vanlig organisering av grupper/ klasser og skulekvardag
- FAU ønskjer at leiinga fortsetter å informere foreldre (via vigilo) i aktuelle klasser det blir påvist smitte.

3 Elevundersøking

- Elevundersøking er ei årleg undersøking der kvar enkelt elev får seie si meining om læring og trivsel i skulen. Undersøkinga er anonym og blir gjennomført på 5.trinn, 6.trinn og 7.trinn ved Nordfjordeid skule. Resultatet på 5. og 6. trinn er til internt bruk, medan resultatet frå 7. trinn blir offentleggjort.
- Skulen gjennomførte elevundersøking ila november -21 og desember -21. F.o.m neste skuleår vert undersøkinga gjennomført i vårsemesteret.
- Jamt over viser undersøkinga gode resultat frå alle dei tre trinna ved Nordfjordeid skule. Leiinga viser til at dei ut ifrå undersøkinga kan sjå at tiltak som har vore sett i verk i dei ulike trinna, kan sjå ut til å ha fungert. Skulen undersøker nærare dei områda dei har fått lågast score.
- Gruppa (FAU) reflekterer over faktorar som kan påverke det endelege resultatet: tør ikkje seie det ein meiner, svarar det same som kompisen, forstår ikkje omgrepa m.m

4 Høyring skyssreglement

I forslaget til nytt skyssreglement får elevane på desse stadane skyss:

- Elevar frå Taklo får skuleskyss
- Elevar frå Rotihaug og Bjørlo/ Roti får skuleskyss.

FAU har ingen innvendingar mot desse skuleskyssordningane.

5 Heim- skule samarbeid

Fagdag

- Rektor informerer om at det 16. mars er planlagt ein fagdag om vaksenstyrt kvardag i Eidahallen.
- Skulen sin digitale psykolog skal halde foredrag for tilsette på dagtid og foreldre blir inviterte på kveldstid.
- Det er ønskeleg at så mange føresette som mulig benyttar seg av fagdagen. FAU peikar på verdien av god marknedsføring for å vekke interessa hos føresette.

6 Eventuelt

Trafikk ved skulen

- Tilbakemeldingar frå føresette om mange farlege situasjonar ved henting og levering av barna. Trafikken tetnar seg til ved av- og påstigningslommene, det er dårleg lys og feilparkeringar som skapar farlege situasjonar. Det er svært ønskeleg med ei utbetring.
- Rektor sender ut fellesmelding i vigilo der ho minner føresette om å vise gjensidig respekt i trafikken, oppmoder om å sleppe av ungane på alternative parkeringsplassar for så å gå derifrå.

Gratis webinar om nettvett

- Medlem i FAU orienterte om at det 10. februar kl. 20 skal vere eit gratis webinar om nettvett.
- Du kan finne webinarret på facebook-sida «nettvett». Webinarret heiter: NETTVETT 2022 «Barna bare gamer»

Elevrådssaker

- Refleks, auka fokus, klassene har vore med på reflekskampanje
- Snøballkasting, elevane har no fått høve til snøballkasting i eine ballbingen.

Referent: Inga Bjørneset

